

Strategi for ladeinfrastruktur i Vestland

Formål:

Ein strategi gir overordna retning for eit fagfelt og skal peike ut vegval, satsingsområde og mål. Strategien byggjer på Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, og bidreg inn i alle dei fire satsingsområda: Velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid. Utviklingsplanen er bygd på to raude trådar; berekraft samt strategisk og langsiktig samarbeid.

Samanhengstenkinga i berekraftsmåla ligg til grunn for utviklingsplanen. Å nå måla på eitt område skal ha minst mogleg negativ konsekvens for eit anna.

Strategien dreier seg om arbeidet med ladeinfrastruktur som Vestland fylkeskommune gjer på tvers av fagfelt, målgrupper og aktørar. Strategien er bygd opp rundt visjon, hovudmål, tre delmål og ei rekkje tiltak.

Konkrete tiltak, avtalar, ansvar, verkemiddel og prioriteringar av midlar vil verte langt fram i politiske saker og årsplanar knytt til regionale planar. Strategien gjeld frå 2025 og til den vert erstatta eller oppdatert.

Visjon:

Vestland viser veg! Vestland skal vere ein pådrivar og den leiande regionen for nullutsleppstransport.

Hovudmål:

Det skal vere enkelt, effektivt og påliteleg å nytte elektriske køyretøy i heile Vestland.

Delmål 1: Team Vestland.

Vi har dialog, samarbeidar og utviklar i fellesskap. Saman klarar vi det!

Fylkeskommunen skal koordinere sin innsats i nær dialog med eksterne aktørar. Vere godt orientert om

nasjonale ordningar og satsingar, spreie desse blant samarbeids-partnarar og relevante aktørar. Vestland skal ta vår bit av nasjonale ordningar, og sikre effektiv bruk av offentlege midlar ved å unngå overlapp av verkemidlar.

Fylkeskommunen skal ha dialog, koordinere og samarbeide godt internt, og sjå verkemiddel i samanheng.

Delmål 2: Ladetilbod i heile fylket.

Personbilar – vere med og sikre tilbodet om hurtigladeinfrastruktur i heile fylket for å redusere skilnaden mellom nord og sør, by og distrikt. Støtte til hurtigladeinfrastruktur skal sjåast i samanheng med andre satsingar og krav. Lokalitetar som gjev tilleggsverdi for handels- og næringsliv skal framleis prioriterast. Der man ikkje får etablert hurtigladeinfrastruktur, kan man bidra med andre tiltak som til dømes normalladar til reiselivsdestinasjonar.

Tunge køyretøy – vere med og støtte utbygging av ladeinfrastruktur til tunge køyretøy i heile fylket. Prioriterer i første omgang områda rundt innfartsårene til byane, sentrale strekningar, samt strategiske industri- og næringsområde, for å sikre berekraftig verdiskaping. Sjå i samanheng med prioriteringar i nasjonale tildelingar og ordningar.

Delmål 3: Sambruk, påverke, teste, sjå samanhengar.

Vurdere sambruk og nytte ladeinfrastruktur betre, der det er samfunnsøkonomisk forsvarleg.

Påverke nasjonale aktørar der det er naturleg.

Vurdere og bruke fylkeskommunale verktøy som innkjøp, rettleiing, kontraktar, areal, samt eventuelt delta i prosjekt for å utvikle og sjå samanhengar.

November 2025